



Årsmelding for Mental Helse Hordaland 2019/2020

Innleiing

Mental Helse er den største interesseorganisasjonen for menneske med psykiske helseutfordringar, pårørande og andre interesserte.

Ved å arbeida med politisk påverknad, folkeopplysing og formidling av brukarerfaring, jobbar organisasjonen for å auka openheit, betre førebygging og behandling av psykiske helseutfordringar. Vårt samfunnspolitiske program og strategidokument dannar grunnlaget for organisasjonen sitt arbeid i landsmøteperioden.

Styret

Leiar:	Else-Berit Helle
Nestleiar:	Remi Lønøy
Sekretær:	Brynhild Helle Lorentsen
Kasserar:	Per Oddvar Særsten
Styremedlemmer:	Vibeke Hellesund og Sjur Tjelmeland
Varamedlemmer:	Terje Olav Olsen og Nikita Rye. Vibeke Hellesund er studieleiar.

Mental Helse Ungdom har ikkje møtt på styremøta, slik dei har høve til.

Det har vore 10 styremøte: Frammøtet på styremøta har vore godt. Det er eit aktivt styre som er engasjert i Mental Helse sine saker. Styremedlemmene er aktive og tek opp aktuelle saker som Mental Helse bør engasjera seg i.

Medlemstal

Hordaland Mental Helse hadde pr. 31.12.2019 468 medlemmer. Det er ein auke på 46 frå forrige år.

Medlemmene fordeler seg slik:

Voss	25
Sotra/Øygarden	28
Bergen	119
Askøy	31
Stord/Fitjar	65
Os	11
Kvinnherad	41
Lindås	17
Kvam	30
Radøy/Austrheim	28
Meland	31
Austevoll	2
Bømlo	23
Fylket direkte	17

Handlingsplan for 2019/2020

Denne har vore grunnlaget for styret sitt arbeid i meldingsperioden.

Leiarsamling

Denne vart halden på Skånevik Fjordhotel 07.02 – 09.02.20. Tema var forteljing om tidlegare Skånevik kommune, samt diktlesing ved Sjur Tjelmeland. Else-Berit Helle gjekk gjennom forslag til lov om Tvangsreduksjon. Psykiater Tone Henriksen føredrog om forskning og resultat kring Kronoterapi (blåblokkerande briller). Sist, men ikkje minst, hadde hotelleigar Inger Karin Larsen innleiing om teamarbeid. Me fekk og prøva oss på ein persontest.

Medlemsmøte

Det har ikkje vore halde medlemsmøte i denne perioden.

Velferds- og driftsmidlar. Medlemsturar

Me hadde på turkonto kr 32.000. Medlemsturen gjekk til Ulvik. Der var me på Olav H. Hauge-senteret. Me var og på Syse gard og fekk orientering om drifta der. Det var og høve til å kjøpa lokalprodusert mat frå garden. Attendemeldingane var gode. Gunnar Helle var ansvarleg for turen og ein dyktig reiseleiar.

Me fekk og kr 32.000 i velferdsmidlar frå Mental Helse sentralt. Desse skulle nyttast til ymse juletilstellingar i lokallaga. Midlane vart lyste ut og tildelte etter søknad.

Me har fått driftsmidlar frå Helse Vest med kr 100.000,-.

Minnegåver

Me har fått kr 144.000 i minnegåve. Desse har styret vedteke skal gå til samlingar for pårørande. Samlinga var planlagt til slutten av mars. Den vart avlyst og flytta til hausten 2020.

Regionsamlingar

Det har vore halde to regionsamlingar for styremedlemmer i Mental Helse Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Det har vore ulike tema. Viktig at det vert utveksla ulike erfaringar. Regionsamlingane er ein god måte til å verta kjende over fylkesgrensene. Hordaland har teke på seg å administrera økonomien kring dette.

Representasjon i styre og råd

Else-Berit Helle er vald inn i styret for FFO. Ho representerer og Mental Helse i brukarutvalet i Helse Fonna. Mental Helse prøver på førespurnad om medlemmer til brukarråd, å bistå med å finna eigna personar. Else-Berit Helle er medlem i Politisk Verkstad. Ho sit og i valkomiteen som skal koma med framlegg til ny leiing i Mental Helse sentralt.

Verdsdagen

Ein er kjend med at det har vore ulike arrangement rundt om i kommunane. Dette vert ikkje rapportert til fylkeslaget, men sentralt til Mental Helse som yter stønad til arrangement.

Studiearbeid

Vibeke Hellesund er vald til studieleiar. Me gjennomførte organisasjonskurs for medlemmer i regi av Mental Helse sine kurshaldarar i mai 2019. Det var 9 påmelde. Vibeke Hellesund og Sjur Tjelmeland var ansvarlege for dette.

Landsleiarmøte

Det har vore halde to landsleiarmøte der leiaren har teke del.

Økonomi

Styret vurderer det slik at fylkeslaget har god økonomistyring. Sjå årsrekneskap.

Andre saker som styret har engasjert seg i

Leiaren (EBH) og Brynhild Helle Lorentsen har delteke i møteverksemd om det å få opp brukarstemma. Desse møta vert arrangerte av NAPHA. Fleire organisasjonar tek del, like eins folk frå ulike fagmiljø og høgskule (HVL). Leiaren (EBH) sit i arbeidsgruppa for opplegget saman med Bergen kommune, NAPHA og russeksjonen til Helse Bergen. Dette arbeidet vil verta slutført i 2020.

Else-Berit Helle var på pårørandesamling på Sandviken sjukehus. Ho orienterte om Mental Helse sine fokusområde.

Else-Berit Helle og Brynhild H. Lorentsen deltok i dagkurset «Rom for betring» i regi av Valen sjukehus, sameleis deltok fylkesleiaren i Rehabiliteringskonferansen i Haugesund med temaet Psykisk helse.

Me har og sendt melding til Mental Helse sentralt og påpeika at dei bør nytta meir nynorsk i sine skriv. Dette har me fått gjennomslag for slik at Samfunnspolitisk program no òg er på nynorsk. Sjur Tjelmeland har stått for omsetjinga.

Høyring om endringar i lov om folketrygd. Else-Berit Helle og Brynhild Helle Lorentsen har laga høyringssvar. Her låg forslag til innskrenkingar både når det gjeld uføretrygd og arbeidsavklaringspengar.

Pasient- og brukarombod. Me har hatt møte med pasient- og brukarombodet i Hordaland etter invitasjon. Me drøfta ulike tilbod i lokallaga innan det psykisk helsefeltet.

Koronapandemien. Me sendte brev til alle kommunane med bekymring for dei mange med rus-og psykiske lidingar som miste tilbod. Vidare etterlyste me frå kommunane eit digitalt lavteskelttilbod for alle som som kjende dei hadde trong for det.

Bergen den 31-03 2020

Else-Berit Helle

Else-Berit Helle
leiar

Remi Lønøy

Remi Lønøy
nestleiar

P.O. Særsten

Per Oddvar Særsten
kasserer

Brynhild Helle Lorentsen

Brynhild Helle Lorentsen

Sjur Tjelmeland

Sjur Tjelmeland

Vibeke Hellesund

Vibeke Hellesund